



KOPI

Berit Eskeland  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1559 - 22/23453

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
30.03.2022

## Løyve til seksjonering av gbnr 108/431 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 331/22

### VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 5 eigarseksjonar for Grønfjellia 2-10, gbnr 108/431, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-5 er bustadseksjonar der alle 5 seksjonar har sameigebrøken- 1/5. Seksjonane har tilleggsareal B i form av utebodar utanfor bueiningane. Balkongar i 2. høgda er del av hovuddel.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for alle seksjonseigarane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 108/431 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

### Saka gjeld

Kommunen har motteke digital søknad, datert 15.02.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 108/431, med adressene Grønfjellia 2-10. Søknaden vart ettersendt i 2 originale eksemplarer signert av ordførar, mottatt 29.03.

På eigedommen er det oppført 5 rekkjehus med lik storleik. Alle seksjonane har tilgang til ekstern utebod utanfor eige inngangsparti i 1. etasje. Alle seksjonar har eigen balkong tilhøyrande sin seksjon i 2. etasje.

## Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrensar og plassering av seksjonane. Kartet er ikkje i målestokk, men kommunen vel likevel å bruka dette, då det inneheld tilstrekkeleg informasjon.
- Planteikningar ( 1 vedlegg) av rekkjehusa over 1. plan og 2. plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive for seksjon 5. Alle 5 seksjonane har same plan og romløyning. Alle seksjonane har tilleggsareal B i form av uteboder utanfor leiligheitene. Balkongar i 2. etasje tilhøyrer hovuddel.
- Vedtekter for sameiet Grønfjellia 2-10, gbnr 108/431, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er signert av ordførar Sara Hamre Sekkingstad for heimelshaver, og eigedomsavdelinga i Alver kommune v/Line Merethe Valle er innsendar.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

## Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.5 er gebyret for seksjonering av eksisterande bygg med 5-10 seksjonar kr 17.425,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

## Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/1559»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering 108-431- godkjent

Vedlegg A - Situasjonsplan

Vedlegg B - Planteikningar

**Kopi til:**

Berit Eskeland

Daniella Svindal Fernando

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Alver kommune Utbygging og avtalar v/ Line

Merete Valle

KOPPI